



STORTINGET

# Representantforslag 267 S

(2024–2025)

frå stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Torgeir Knag Fylkesnes, Kathy Lie og Marian Hussein

Dokument 8:267 S (2024–2025)

---

Representantforslag frå stortingsrepresentantane  
Ingrid Fiskaa, Torgeir Knag Fylkesnes, Kathy Lie og  
Marian Hussein om å gjera Noreg tryggare

---

Til Stortinget

## Bakgrunn

Kriser og krig rykker nærmare. Også i Noreg kjenner mange på at ein ikkje er så trygge som før. Truslar mot fred og tryggleik kjem ikkje berre frå faren for tradisjonal krig mellom statar. Digitale angrep, klimaendringar, helsekriser og låg sjølvforsyning av mat er reelle utfordringar for Noreg.

Trump som president i USA set norsk sikkerheitspolitikk i eit nytt lys. Den antatte grunnsteinen for norsk sikkerheit, USAs sikkerheitsgaranti, er borte. Stormakta som i mange år har blitt kalla «vår nærmaste allierte», truar nå sine allierte med bruk av militærmakt. USA blir nå styrt av eit autoritært ytre høgre som har meir til felles med Putins Russland enn med demokratiske land. Den nye situasjonen viser eit behov for å tenka nytt om sikkerheits- og alliansepolitikken og reduse avhengigheita av USA.

Samtidig er dei norske sikkerheitsutfordringane tidlause og definert av Noregs geografiske plassering, i kombinasjon med klimaendringar som opnar havområda utanfor kysten for større trafikk og auka utnytting av naturressursar. Noreg må forhindra at nordområda utviklar seg til ei geopolitisk konfliktzone, der stormakter tar seg til rette. Låg spenning i nord er i Noregs kjerneinteresse som stat og nasjon. Stormaktsrivalise-

ringa mellom USA, Kina og Russland må Dempast og haldast på avstand så langt det lar seg gjera.

Kombinasjonen av eit sterkt forsvar for folkeretten, ei styrka nasjonal forsvarsevne, redusert avhengigheit av USA og alliansar bygd på reelle interessefellesskap bør vera svaret på denne sikkerheitsutfordringa.

Forsvaret har vore bygd ned gjennom fleire tiår, og det vil ta tid å bygga det opp igjen. Hovudproblemet er mangelen på personell og at erfarent personell held fram med å slutta i Forsvaret. Det hjelper lite med store investeringar i dyrt materiell dersom det ikkje finst folk til å operera, drifta og halda det ved like. Ubalansen mellom materiell og personell må rettast opp.

For å kunna møta ulike typar av kriser treng me eit motstandsdyktig folk og samfunn. Sikkerheitspolitikken må ikkje snevrast inn og militariserast, men sjåast i samanheng med samfunnssikkerheit og beredskap i brei forstand. Sterke fellesskap, tillit og demokrati er grunnsteinen i forsvaret av landet. Ein må både ønska og kunna stilla opp for kvarandre. Busetting, industri og ein godt fungerande infrastruktur i heile landet er avgjande for forsvarsevna og totalberedskapen.

## Forslag

På denne bakgrunn blir det fremma følgande

forslag:

1. Stortinget ber regjeringa sikra nasjonal kontroll over etterretningstenesta, mellom anna ved at all finansiering kjem over det norske statsbudsjettet, og at innhenta informasjon blir vurdert før eventuell vidaresending til andre statar.

2. Stortinget ber regjeringa setja all byggeverksemd på USA-basane på pause og ta nødvendige steg for å seia opp tilleggsavtalen mellom Noreg og USA om forsvarssamarbeid og sikra full nasjonal råderett på norsk jord.
3. Stortinget ber regjeringa redusera den våpenteknologiske avhengigheita av USA ved å sikra at nye innkjøp av forsvarsmateriell blir gjort frå nordiske og nord-europeiske land.
4. Stortinget ber regjeringa redusera den våpenteknologiske avhengigheita av USA ved å planlegga for framtidig ombygging og oppgradering av våpensystema ved hjelp av leverandørar frå nordiske og nord-europeiske land.
5. Stortinget ber regjeringa styrka den nasjonale forsvarsberedskapen ved å avlysa det norske bidraget med fregatt og andre styrkebidrag til Indo-Stillehavet i 2025.
6. Stortinget ber regjeringa fremma ei justert utdanningsordning i Forsvaret, både i innretning og omgang, som gjer rekryteringsmåla i Langtidsplan for forsvarssektoren 2025–2036 realistiske.
7. Stortinget ber regjeringa greia ut ei sivil beredskapsretning i førstegongstenesta.
8. Stortinget ber regjeringa sørge for at all drift og vedlikehald av Forsvarets graderte og ugraderte system skal utførast av Forsvarets eigne tilsette.
9. Stortinget ber regjeringa sørge for at alle Forsvarets data blir lagra på serverar som er under statleg kontroll og fysisk plassert i Noreg.
10. Stortinget ber regjeringa styrka vedlikehald og sikring av kritisk infrastruktur som jernbane, kraftforsyning, vatn, avløp og digital infrastruktur for å styrka totalberedskapen.
11. Stortinget ber regjeringa etablera ei forsvarsindustriell klynge i Nord-Noreg for å styrka totalforsvaret.
12. Stortinget ber regjeringa arbeida for ein gjensidig nordisk sikkerheitsgaranti, uavhengig av NATO.
13. Stortinget ber regjeringa styrka det praktiske samarbeidet med nordiske, baltiske og nord-europeiske land om øving og trening, produksjon av forsvarsmateriell, forsyningslinjer og forsvarsplanlegging.
14. Stortinget ber regjeringa vidareutvikla det nordiske beredskapssamarbeidet gjennom eit nordisk totalforsvarskonsept som inkluderer avtalar om produksjon, lagring og leveransar av kritiske varer.
15. Stortinget ber regjeringa styrka infrastruktur og kapasitet til forflytting av styrkar og forsvarsmateriell mellom Noreg, Sverige og Finland.
16. Stortinget ber regjeringa ta initiativ til at Norden skal vera ei atomvåpenfri sone.
17. Stortinget ber regjeringa halda på dagens politikk og sørge for at Svalbard ikkje blir militarisert.
18. Stortinget ber regjeringa sørge for at det framleis ikkje skal vera alliert trening i Aust-Finnmark, med mogleg unntak for nordiske allierte.

10. april 2025

**Ingrid Fiskaa**

**Torgeir Knag Fylkesnes**

**Kathy Lie**

**Marian Hussein**